



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

## Fråsegn til detaljplan og søknad om endra anleggskonsesjon for Haugsvær kraftverk i Masfjorden kommune

---

**Statsforvaltaren legg til grunn at alle tiltak blir tilpassa terreng og landskap så godt som råd, og at området blir stelt til att etter moderne prinsipp.**

---

Vi viser til oversendinga 29. juni i år, om høyring av detaljplan søknad om endring av anleggskonsesjon for Haugsvær kraftverk.

### Våre merknader

Vi legg generelt til grunn at nye inngrep i naturmiljø og dyrka mark blir avgrensa så langt som råd, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng/landskap, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp. Det inneber bruk av lokale massar, lokalt plantemateriell og med naturlege førekomstar på staden som førebilete.

I detaljplanen er det omtalt at inntaket blir noko endra i høve til det som ligg til grunn for konsesjonen, på grunn av at det er bygt ny veg over elva rett nedstrøms. Vi har ikkje merknader til denne endringa.

Endringa av anleggskonsesjonen går ut på at straumkabelen skal leggjast i røyrgatetraséen, i staden for langs E39. Vi har heller ikkje merknader til denne endringa.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Vi legg vidare til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og at det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering. Vi minner om at eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.



Med helsing

Silje Elvatun Sikveland  
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Masfjorden kommune  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Austfjordvegen 2724  
Postboks 7900

5981  
5020

MASFJORDNES  
BERGEN